



Søknad om Universalgaranti/Garantifritak

Søkjær	
Namnet til søkjaren	Organisasjonsnummer
Adresse	

1. Søknaden
I samsvar med artikkel 55(a) i Vedlegg I til Transitteringskonvensjonen, søker vi om Universalgaranti/garantifritak som skal nyttast ved transport av varer.
Universalgarantien skal i tillegg til EU-landa òg vere gyldig for desse avtalepartane: <input type="checkbox"/> Den tidlegare Jugoslaviske Republikken Makedonia <input type="checkbox"/> Island <input type="checkbox"/> Serbia <input type="checkbox"/> Sveits <input type="checkbox"/> Tyrkia

2. Undersøking av dei generelle vilkåra
For å kunne kontrollere at dei generelle vilkåra for å bli autorisert til å kunne nytte Universalgaranti/ garantifritak er oppfylte (artikkel 57.1) treng vi opplysningane nedanfor (kryss av det som passar):
a) Er søkjaren etablert i Noreg? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
b) Har søkjaren, personar i leiinga i føretaket, føretaket sine juridiske representantar eller personar i føretaket som er ansvarlege for oppgåver relatert til tollbehandlinga gjort seg skuldig i alvorlege eller gjentekne brot på toll eller skattelovgivinga, under dette registrerte straffbare forhold knytt til økonomiske aktivitetar dei siste tre åra? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
<div style="border: 1px solid black; padding: 5px; min-height: 30px;">Dersom ja, gi opp typen lovbrøt med referansar:</div>
c) Nyttar søkjaren regelmessig den felles transitteringsprosedyren, eller har søkjaren dei praktiske standardane for kompetanse eller faglege kvalifikasjonar direkte knytt til aktiviteten som blir utført? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei

3. Informasjon om framtidige sendingar/transitteringar				
Gjennomsnittleg tidslengd på transitteringane (perioden frå varene blir underlagde den felles transitteringsprosedyren til den er avslutta).				Tidslengd i dagar:
For å kunne kalkulere referansebeløpet ¹ og/eller garantibeløpet på garantien gir vi desse opplysningane om sendingane som vi har utført i firmaet vårt.				
Referansebeløpet blir fastsett på grunnlag av opplysningane om varene som er underlagde den felles transitteringsprosedyren i dei tolv føregåande månadene ut frå eit overslag av mengde pårekna transportar, jf. artikkel 74(3) til Vedlegg I til Transitteringskonvensjonen.				
<i>NB: Ein kan òg føre opp opplysningane på eit separat ark og leggje det ved i denne søknaden.</i>				
Varetype (ordinær vareomtale)	Tal på transportar per veke	Vekt per transport (kg)	Verdi per transport i NOK	Referansebeløpet (for Toll)

¹ Referansebeløpet skal svare til skuldbeløpet som kan kome på i samband med kvar fellestransittering som garantien tek høgde for, i perioden frå varene blir underlagde den felles transitteringsprosedyren og tidspunktet då prosedyren blir avslutta.

Varetype (ordinær vareomtale)	Tal på transportar per veke	Vekt per transport (kg)	Verdi per transport i NOK	Referansebeløpet (for Toll)

4. Grunnlag for å utferde Universalgaranti eller reduksjon av garantibeløpet

For å kunne kontrollere at det er grunnlag for å nytte ein Universalgaranti eller innrømme ein reduksjon i garantibeløpet, svarar vi på følgjande spørsmål i samsvar med dei ulike kriteria i artikkel 75.

Merknad:

Dersom desse vilkåra er tilfredsstillande for tollmyndighetene, kan ein reduksjon i garantibeløpet (i % av referansebeløpet ifølgje artikkel 74) innvilgast. Når ein skal gjere vedtak, kan ein òg nytte tilgjengeleg informasjon hos tollmyndighetene om søkjaren.

A: Garantibeløpet kan reduserast til 50 % av referansebeløpet fastsett i samsvar med artikkel 75 når desse vilkåra er oppfylte:

- a) Søkjaren held ved lag eit rekneskapssystem som er i samsvar med god rekneskapsskikk i avtaleparten der rekneskåpen blir ført, mogleggjer revisjonsbasert tollkontroll og held ved lag historisk registrering av data som gir eit revisjonsspor frå det tidspunktet då dataa blir registrerte; Ja Nei
- b) Søkjaren har ein administrativ organisasjon som svarar til typen og storleiken på verksemda, og som er eigna for å handtere vareflyten, og har interne kontrollar som gjer det mogleg å hindre, oppdage og rette feil og å oppdage illegale eller irregulære transaksjonar; Ja Nei

Dersom ja, korleis er dette implementert i organisasjonen?

- c) søkjaren er ikkje under konkursbehandling; Ja Nei
- d) Dei siste tre åra før søknaden blei send inn har søkjaren overhalde dei finansielle pliktene sine når det gjeld å betale skuld frå, eller i samband med innførsel eller utførsel av varer; Ja Nei
- e) Søkjaren dokumenterer på grunnlag av oversikter og tilgjengeleg informasjon frå dei siste tre åra før søknaden blei send inn, at den finansielle stillinga hans er tilstrekkeleg til at han kan oppfylle pliktene sine, med omsyn til typen og mengda forretningsverksemd, under dette ingen negative netto egedelar, med mindre dei kan dekkjast; Ja Nei
- f) søkjaren kan dokumentere å ha tilstrekkelege finansielle ressursar til å oppfylle pliktene sine med omsyn til referansebeløpet som ikkje er dekt av garantien; Ja Nei

B: Garantibeløpet kan reduserast til 30 % av referansebeløpet når desse vilkåra er oppfylte: Vilråa a) til f) under punkt A og i tillegg desse vilråa:

- g) Søkjaren syter for at aktuelle medarbeidarar har fått instruksar om å informere tollmyndighetene når problem med etterlevinga blir oppdaga, og etablerer prosedyrar for å informere tollmyndighetene om slike vanskar; Ja Nei

Dersom ja, korleis er instruksen implementert?

C: Garantibeløpet kan reduserast til 0 % av referansebeløpet når desse vilråa er oppfylte: Vilråa a) til g) under punkt A og B, og i tillegg desse vilråa:

- h) Søkjaren gir tollmyndigheita fysisk tilgang til rekneskapssystema sine, og når aktuelt, til registrerte forretnings- og transportdata; Ja Nei
- i) Søkjaren har eit logistikksystem som identifiserer varer og varer i fri sirkulasjon i avtaleparten eller som tredjelandsvarer, og der det er oppgitt, når aktuelt, kvar dei er; Ja Nei
- j) Der det er aktuelt har søkjaren tilfredsstillande prosedyrar på plass for å handtere lisensar og autorisasjonar gitt i samsvar med handelspolitiske tiltak, eller i tilknytning til handel med landbruksvarer; Ja Nei

- k) Søkjaren har tilfredsstillande prosedyrar på plass for arkivering av registrerte data og informasjon, og for vern mot tap av informasjon; Ja Nei

Dersom ja, korleis er prosedyren implementert?

- l) Søkjaren har tilstrekkelege tryggleikstiltak på plass for å verne datasystema til søkjaren frå uautorisert inntrenging og sikre søkjaren sin dokumentasjon; Ja Nei

Dersom ja, kva for tiltak er sett i verk?

Merknader

5. Søkjaren sine plikter

- Vi vil informere tollmyndigheitene om alle forhold som oppstår etter at autorisasjonen blei gitt som kan påvirke denne søknaden eller autorisasjonen.
- Vi vil føre lister over gjeldande transitteringar der vi har nytta Universalgaranti/garantifritaket vårt og vil overvake bruken av referansebeløpet.
- Vi vil informere tollmyndigheitene skriftleg dersom referansebeløpet viser seg å vere utilstrekkeleg.
- På førespurnad vil vi tillate at tollmyndigheitene kontrollerer dokumentasjon i samband med listene våre.
- På førespurnad vil vi gjere dokumentasjonen i samband med denne autorisasjonen tilgjengeleg for tollmyndigheitene.
- Vi vil informere tollmyndigheitene om endringar/utskiftingar av personar nemnde i punkt 2(b).

6. Ymse

Vi ber om å få tilsendt (tal) garantisertifikat til bruk i samband med prosedyre ved driftsstans. Garantisertifikata må forlengjast eller fornyast annakvart år, eller returnerast omgåande dersom garantien er kansellert eller tilbakebetalt.

Underskrift

Vi stadfestar at opplysningane ovanfor er korrekte og at den vedlagde dokumentasjonen er ekte.

Stad og dato

Stempel og bindande underskrift, og førenamn og etternamn

NB: Informasjon i denne søknaden vil bli behandla konfidensielt av tollmyndigheitene.

Når Tolletaten tek imot garantierklæringa, får du autorisasjonen, eit garantireferansenummer og ein tilgangskode knytt til garantireferansenummeret, i tillegg til fleire garantisertifikat.

Bilag

- Kopi av firmaattest, helst nyare enn to månader.
- Legg ved ei oversikt over alle personar i leinga i føretaket, føretaket sine juridiske representantar og personar i føretaket som er ansvarlege for oppgåver knytt til tollbehandlninga.
- Årsrekneskap, revidert og godkjent av generalforsamlinga og innrapportert til Rekneskapsregisteret.
- Rapportar frå utførte kontrollar eller rapport frå revisor.
- Interne instruksar
-
-